



Nynorsk kultursentrum

Langtidsplan for samling 2020–2022

1 Vedtak.....	2
2 Mål og tiltak frå strategisk plan	2
3 Målekriterium	2
4 Status og utviklingstrekk.....	2
5 Mål og tiltak	3
6 Økonomiske og administrative konsekvensar	5

1 Vedtak

Styret vedtek langtidsplanen med dei merknadene som kom fram i møtet.

2 Mål og tiltak frå strategisk plan

5.2 Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir teke vare på

- a. Munnlege minne frå sentrale aktørar for nynorsk skriftkultur på 1900- og 2000-talet skal bli samla inn, formidla og gjort tilgjengeleg for forskning og formidling.
- b. Historia til Norsk Målungdom med vekt på dialekt, identitet og motkultur i urbane miljø er eit prioritert område i planperioden.
- c. Folk har høve til å fortelje Nynorsk kultursentrum om sitt eigne erfaringar med nynorsk språk og litteratur gjennom digitale video- og lydopptak ulike stader i landet.

5.3 Stiftinga har påliteleg og relevant dokumentasjon om nynorsk språk og litteratur, og bruke det til kulturformidling og politikktvikling

- c. Biblioteket i Aasen-tunet har oversyn over aktuelle publikasjonar om våre arbeidsområde.

4 Samlingane er sikra, registrerte og gjort digitalt tilgjengeleg

- a. Gjenstands- og kunstsamlinga er sikra, registrerte og gjort digitalt tilgjengelege i 2021.
- b. Fotosamlingane er sikra, registrerte og gjort digitalt tilgjengeleg i 2024.
- c. I samarbeid med Nasjonalbiblioteket blir bibliografiane over debutantar på nynorsk og dialekt, Aasen, Hauge, Vinje og Fosse oppdaterte og gjort tilgjengelege digitalt.

3 Målekriterium

- Prosent registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort bygnader/gjenstandar/ foto/ kunst
- Prosent registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort opptak/ video
- Gjennomførte minneintervju, digitalisere og tilgjengeleggjere dei
- Kasserte og avhenda hyllemeter

Måla blir fastset i samband med budsjettarbeidet.

4 Status og utviklingstrekk

Nynorsk kultursentrum skil seg frå andre museumsinstitusjonar på mange vis når det gjeld samlingsforvaltninga. Hovudføremålet til stiftinga er å dokumentere og formidle nynorsk skriftkultur. Denne dokumentasjonen er i størst mogleg grad gjort gjennom pliktavleveringslova. Nasjonalbiblioteket mottok alle fysiske og digitale dokument som er gjorde tilgjengelege for allmenta i Noreg. Det tyder at alt av små og større publikasjonar blir samla inn og gjort tilgjengeleg for stiftinga Nynorsk kultursentrum og andre.

Det er også Nasjonalbiblioteket som har hovudansvar for å samle inn arkiv etter forfattarar, kunstnarar, forskarar og andre kulturpersonar. Det er lite hensiktsmessig at nynorske kulturpersonar ikkje blir teke vare på som ein del av denne felles nasjonale kulturarven.

Nynorsk kultursentrum er ein liten og avgrensa arkiv-, museums- og bibliotekinstitusjon utan spesialisert kompetanse eller utstyr til konservering. Derfor bør sårbarare samlingar heller vere del av andre institusjonar sine samlingar.

Med auka tilgjengeleggjering digitalt, og høve til å låne inn fysiske objekt, frå Nasjonalbiblioteket og andre kulturarvsaktørar er tida inne for å endre innsamlingspolitikken til Nynorsk kultursentrum. Det stiftinga er aleine om er å gjere innsamling av munnlege minne om nynorsk skriftkultur.

Forskinga og formidlinga kan like gjerne byggje på kjelder og dokumentasjon utanfor arenaene til Nynorsk kultursentrum, som dei som er ein del av denne. Dei samlingane vi sjølve framleis skal forvalte skal også vere tilgjengelege for allmenta.

Nynorsk kultursentrum skal følgje dei standardane som til ein kvar tid er tilrådd frå styresmaktene for registrering, digitalisering og tilgjengeleggjing.

5 Mål og tiltak

Innsamling

Nynorsk kultursentrum samlar av tre grunnar. Den første er å dokumentere dei delane av den nynorske skriftkulturen andre aktørar ikkje samlar inn. Den andre er å samle inn det som trengst for eiga forskings- og utviklingsarbeid. Den tredje grunnen er innsamling til utstillingar og anna formidlingsverksemd.

Nynorsk kultursentrum skal ikkje byggje ei fullstendig samling over nynorsk skriftkultur, men prioritere det andre ikkje samlar inn. Det viktigaste er dei munnlege minna om nynorsk skriftkultur på ulike samfunnsområde og i ulike delar av landet.

Nynorske forfattarskap og personlegdomar er ein del av den norske kulturarven. Som hovudregel skal Nynorsk kultursentrum tilrå at Nasjonalbiblioteket samlar inn dette.

1. Munnlege minne om nynorsk skriftkultur skal bli dokumenterte.
 - a. Nynorsk kultursentrum gjennomfører frå 2022 minst 20 minnesamtalar årleg.
 - b. Eigne arrangement og samtalar skal bli dokumentert med lyd og video.
2. Biblioteket i Nynorsk kultursentrum skal vere eit fag- og forskingsbibliotek som støttar opp om formidlinga og kunnskapsutviklinga.
 - a. Leseeksemplar blir som hovudregel kassert etter 1 år og ikkje teke inn i samlinga.
 - b. Bøker og tidsskrift blir kjøpt inn dersom dei er til nytte for kunnskapsutviklinga eller kulturformidlinga.
3. Gjenstandar og arkiv blir berre tatt inn dersom det er relevant for forskings- og formidlingsverksemda, og andre aktørar ikkje har teke vare på det og gjort det tilgjengeleg for Nynorsk kultursentrum eller allmenta.
 - a. Det blir ikkje teke i mot nye avislipp- eller kopiarkiv.
 - b. Vest-Telemark Blad-gåva og Jostein Nerbøvik-gåva blir gått gjennom i 2020 og det som er bevaringsverdig blir registrert med ein gong.

Registrering, tilgjengeleggjing og digitalisering

Nynorsk kultursentrum skal følgje etablerte standardar for registrering, tilgjengeleggjing og digitalisering for høvesvis museum, bibliotek og arkiv. Stiftinga har fått kritikk av Kulturrådet for at for små delar av samlinga er tilgjengeleggjort. Derfor er dette ei prioritert oppgåve i planperioden.

1. Kunst-, gjenstands- og fotosamlingane skal vere registrerte, tilgjengeleggjort og digitalisert.
 - a. Profilen i Primus blir endra frå Musea i Møre og Romsdal / Ivar Aasen-tunet til Nynorsk kultursentrum når det er praktisk mogleg.
 - b. Kunstsamlinga blir registrert, tilgjengeleggjort og digitalisert i 2020.
 - c. Gjenstandssamlingane skal vere registrerte, tilgjengeleggjorte og digitaliserte i 2021.

- d. Alle foto frå Norsk Allkunnebok-samlinga, Handagard-samlinga, Hauge-samlinga og eigne historiske foto skal vere registrerte, tilgjengeleggjorte og digitaliserte i 2022.
 - e. Bygningane skal vere digitaliserte i 2022.
 - f. Gamle foto publiserte i Primus skal frå og med 2023 bli publisert på nytt under CC BY-SA-lisens dersom det er mogleg.
2. Det blir teke initiativ til eit digitaliseringsprosjekt i lag med Nasjonalbiblioteket.
- a. Olav H. Hauge-boksamlinga, breva mellom Cappelen og Hauge, Peder Hovdan-protokollen, som allereie er fotografert, og andre sentrale originalsamlingar blir prioritert først.
 - b. Lyd og video blir digitalisert og gjort tilgjengeleg.
3. Samlingane skal vere tilgjengelege for bruk av andre.
- a. Det skal føreligge ein plan for å registrere biblioteksamlingane innan 2022.
 - b. Som hovudregel skal alt materiale frå Nynorsk kultursentrum bli delt med lisensane CC BY-SA. Unntak som ikkje kjem av avtalar eller etablert juridisk praksis blir fastsett av direktør i kvart einskild tilfelle.

Avhending og kassasjon

Hovudregelen frå og med denne planen blir at handskrive materiale og særleg viktig materiale for nasjonal kulturarv blir teke vare på av Nasjonalbiblioteket, universiteta eller andre aktørar med større bevaringskompetanse enn oss. Det vil vere tilgang til bruk av objekta til formidling og forskning, og Nasjonalbiblioteket vil også gjere innhaldet digitalt tilgjengeleg. Denne løysinga sikrar gjenstandane og tilgangen.

Med alle avisårgangar digitalisert med søkemoglegheit er behovet for klipparkiv mindre. Dette skal som hovudregel bli kassert.

1. Dersom andre aktørar er betre egna til å ta vare på materialet, og dette kan vere i tråd med avtaleverk, skal materialet bli overført til desse aktørane.
- a. Nynorsk kultursentrum tek initiativ til å flytte 218 originalmanuskript av Ivar Aasen til Nasjonalbiblioteket.
 - b. Nynorsk kultursentrum tek initiativ til å flytte 3 originalbrev av A.O. Vinje til Nasjonalbiblioteket.
 - c. Deponiavtalen med Musea på Sunnmøre om Sivert Aarflot-samlinga blir sagt opp, og samlinga må då bli overført til Musea på Sunnmøre
 - d. Avtalen om lån av gjenstandar frå Vest-Telemark museum til utstillingar blir ført vidare.
 - e. Gjenstandar i Jon Fosse-arkivet blir bevart i samlingane medan arkivmaterialet blir ført over til Nasjonalbiblioteket.
 - f. Norsk boksamling (Aure-samlinga) og Arkiv for norsk målreising (Hovdan-arkivet) blir etter avtale med Det Norske Samlaget samla ved Nasjonalbiblioteket dersom aktørane blir samde om det.
 - g. Andre arkiv blir vurdert overført til Nasjonalbiblioteket etter vurdering frå dei.
2. Dersom materialet er betre teke vare på og tilgjengeleg av andre eller på anna vis skal det kasserast.
- a. I den grad det er mogleg skal avisklipp- og kopiarkiv kasserast. Direktør har fullmakt til å avgjere det.

- b. Avisklipp og kopiar skal ikkje bli prioritert til registrering eller tilgjengeleggjering.
- c. Kopiar av digitalt arkiv for eiga verksemda og relaterte verksemder (Dei nynorske festspela, Språkåret 2013, Ivar Aasen-museet og Nynorsk forum) skal kasserast. Det som ikkje er dublettar skal bli digitalisert.

Bibliografiar

Nynorsk kultursentrum har oppdatert bibliografiar over Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Olav H. Hauge og skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt. Institusjonen har lite kompetanse på bibliografiarbeid, og bibliografiane er ikkje gjort tilgjengelege i offentlege biblioteksystem. Nynorsk kultursentrum avsluttar i hovudsak bibliografiarbeidet frå 2020.

1. Bibliografiane skal som hovudregel liggje gratis tilgjengeleg i bokhylla.no og på våre egne nettsider.
2. Nasjonalbiblioteket har høve til å nytte bibliografiopplysingane til å vidareutvikle og oppdatere desse bibliografiane.
 - a. Ei andreutgåve av Hauge-bibliografien blir vurdert av Nynorsk kultursentrum i lag med andre institusjonar.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Samarbeid med Nasjonalbiblioteket

Den endra samlingsstrategien fordrar tettare samarbeid med Nasjonalbiblioteket. Dette inneber innlån av gjenstandar, arkivalia, foto og bøker, bruk av digitaliserte utgåver av desse og tilrettelegging for t.d. søk i nynorsk-, lyrikk- eller avissamlingane ved Nasjonalbiblioteket på våre digitale tenester og i våre utstillingar. Det inneber også tettare samarbeid om digitalisering av våre egne samlingar.

Betre plass i Ivar Aasen-tunet

Berre planen for å avvikle kopi- og klipparkiv gir høve til å redusere arkivet med opp til 23 hyllemeter. Avvikling av deponiavtalane for Aure/Hovdan vil redusere samlingane med 14 hyllemeter (arkiv), 7 200 skrifter og 777 aviser. Tilsvarende vil Jon Fosse- og Sivert Aarflot-arkiva gi 14 hyllemeter betre plass. Betre oversyn over biblioteksamlinga vil også gi betre plass. Saman med innføring av digitalt arkiv for rekneskap, gjennomføring av heildigitalisering av institusjonsarkivet gjer avhending og kasseringa at stiftinga får løyst prekære plassproblem.

Dette gir i første omgang høve til å samle vandreutstillingane éin stad og gi alle delane av samlinga plass på hylle (framfor kasser på golv)

Registrar-oppgåver

Behovet for å ta att etterslepet på investering gjer det nødvendig å setje av midlar til ei mindre registrarstilling i planperioden.